

Svar på «Høring om Justering av hovedgudstjenesten og alminnelige bestemmelser» frå Volda sokn

1a: Hvordan mener dere gudstjenestereformen har påvirket gudstjenestelivet i deres menighet og i Den norske kirke?

1b: Hva har fungert godt, og hva har fungert dårlig ved gudstjenestereformen?

Det mest positive er eit auka medvit om at gudstenesta er heile kyrkjelyden si gudsteneste, og at det er naturleg at fleire er involvert i arbeidet med og gjennomføringa av gudstenestene. Det er også svært positivt at nattverdsfeiringa i kyrkja vår har blitt styrka, både gjennom at nattverd no er ein naturleg del av nær alle gudstenester og at fleire deltek i nattverden.

Den i utgangspunktet gode intensjonen om eit sterkare lokalt prege over gudstenesta har gått for langt. Særleg bør den liturgiske musikken i langt større grad vere lik i heile kyrkja, slik det no er vedteke. Dessutan har ein ikkje vurdert godt nok kva for nokre ledd som bør vere faste og gjenkjennelege frå stad til stad, og kva ledd som med fordel kan varierast, både frå stad til stad og frå gudsteneste til gudsteneste. Vi stiller oss bak hovudretninga i dette høyringsdokumentet, der ein ønskjer å redusere lokale val slik at gudstenesta vert meir gjenkjenneleg i kyrkja over heile landet.

1c: Hvilke av de momentene som er nevnt ovenfor mener dere vi særlig bør rette vår oppmerksomhet mot i gudstjenestearbeidet fremover?

Vi treng å samle oss om ein meir felles liturgisk musikk. Dette vert særleg ei utfordring der ein opplever at ein har funne «si»lokale ordning som fungerer godt. Målet må likevel vere at alle kyrkjelydar brukar den no vedtekne liturgiske musikken frå 2017.

Vi treng å halde fram med å tenke breitt omkring involvering før og under gudstenesta, både med konkrete, liturgiske oppgåver og med deltaking som forkynning, vitnemål og anna medverknad.

Vi treng å verte meir medvitne om kva ledd vi kan variere og kva som bør vere likt, frå stad til stad, og frå gudsteneste til gudsteneste. Høyringsforslaget går eit stykke i riktig retning, men vi har nokre merknader som vi gir seinare i dokumentet.

1d: Hvilke behov ser dere for et mer variert gudstjenesteliv med ulike former for gudstjenester?

Hovudgudstenesta søndag bør i stor grad vere til å kjenne igjen frå søndag til søndag. Vi kunne ønske at ein utarbeida nokre former for gudstjenester sentralt, i tillegg til hovudgudstenesta. Dette kan vere til dømes ordning for familiegudsteneste, gudstjenester til særskilte kyrkjeårsdagar og eventuelt andre ordningar.

Ved sidan av desse gitte ordningane bør ein lokalt kunne kjenne stor fridom til å halde gudstenester etter andre ordningar, som ein utarbeider lokalt og som kan avvike frå lokal grunnordning, og som også kan variere frå gong til gong. Her kan nemnast ungdomsgudstenester, ulike song-og musikk-gudstenester, gudstenester knytt til trusopplæring og temagudstenester. Her kan lokale forhold spele ei avgjerande rolle for korleis ein pregar det lokale gudstenestelivet, samtidig som ein får ei meir gjenkjenneleg *hovudgudsteneste* frå søndag til søndag- og frå stad til stad.

Høringsspørsmål 2: Mener dere at det er behov for å justere eller presisere noe ved prosedyren for hvordan menighetens lokale grunnordning utarbeides og vedtas (jf. Alminnelige bestemmelser)? Hva bør endres?

Vi meiner at biskopen framleis bør godkjenne lokal grunnordning, og sjå til at denne er i samsvar med Den norske kyrkja si vedtekne gudstenesteordning. Endringar av lokal grunnordning bør meldast til biskopen. Dersom ein ønskjer ei meir gjenkjenneleg ordning for gudstenesta bør eit slik ansvar framleis ligge hos biskopen, for å sikre at kyrkjelydane vedtek ei gudstenesteordning i samsvar med Ordning for hovudgudsteneste, og at ein også nyttar seg av denne ordninga i hovudgudstenestene rundt om i kyrkjelydane.

Høringsspørsmål 3e: Er dere enige i at samlingsbønnen ikke lenger blir obligatorisk, men et valgfritt ledd?

Samlingsbøna har hos oss vorte eit godt innarbeida ledd som hjelper oss til å samle oss ved starten på gudstenesta. Sidan vi har flytta syndsvedkjenninga til før forbøna, vil det verte ein svært «brå» start på gudstenesta om ein skal gå rett frå *Inngangsort/Helsing* til *Bønerop Kyrie*.

Vi ønskjer at samlingsbøna vert ståande som eit obligatorisk ledd. Vi ønskjer også at ein held fram med at Dagens bøn kan brukast som samlingsbøn på høgtidsdagar. Dette gir eit særpreg til desse høgtidsdagane, samtidig som det kan vere med på at desse gudstenestene ikkje blir for lange.

Dersom ein skal ta bort samlingsbøna som obligatorisk ledd, bør *Synsvedkjenninga* heller flyttast til denne staden som obligatorisk plassering.

Høringsspørsmål 3 f: Har dere endringsforslag eller kommentarer til leddet syndsbejennelse i høringsforslaget?

Den nye innleiinga til syndsvedkjenninga er god, og understrekar at vår tillit til Gud som miskunnsam gjer at vi kjem til han med våre liv og også vår synd. Vi støttar også

at ein etter denne setninga berre brukar «Lat oss bøye oss for Gud og sanna syndene våre» som innleiingsord.

Det nye forslaget til syndsvedkjenning har i seg viktige sider av eit luthersk menneskesyn og syndsforståing, og er eit godt alternativ til dei tre andre som ein beheld. Den første setninga bør likevel endrast til «Heilage Gud, ~~du~~ vår skapar»

Vi meiner også at dei tre syndsvedkjenningane som er føreslått tekne med vidare er tre beste frå 2011-ordninga, og er glade for at desse vert ført vidare.

Høringsspørsmål 3i: Er dere enige i at ledd 8 Dagens bønn blir obligatorisk i alle hovedgudstjenester, og ikke et valgfritt ledd?

Vi er samde i at ledd 8 Dagens bøn blir obligatorisk i alle hovudgudstenester. Denne bøna er ein viktig del av vår gudstenestetradisjon, og leier oss på ein god måte inn i temaet for dagen. Vi ønskjer likevel at denne bøna kan bli brukt som samlingsbøn på høgtidsdagar.

Høringsspørsmål 3 j: Gi eventuelt andre kommentarer til høringstema 3?

Under ledd 3 Helsing bør der presiserast at liturgen kan seie nokre ord til dagen, sjølv om ein har informasjon før inngangsprosesjonen og salmen, men at dette ikkje skal vere ei gjentakning av informasjon. Det er til dømes naturleg at det er liturgen som seier noko om dagens særpreg, helsar døpsfølgja mm

Vi set pris på at det er understreka at «kyrkjerommet skal vere ope for gudstenesta, med høve til stille, lystenning og bøn. Dette er ein viktig del av gudstenesta for mange, og vi ønskjer å styrke denne førebuingdelen.

Høringsspørsmål 4: Har dere endringsforslag eller kommentarer til hoveddel II. Ordet?

Vi meiner at ein bør opne for å ha berre ei lesing i tillegg til evangeliet, også i hovudgudstenesta. På familiegudstenester og på gudstenester med mange dåp og nattverd tek vi ofte bort den eine lesinga, og vi saknar at dette er skrive inn i ordninga. Alternativt kan ein lage ei eiga ordning for familiegudstenester, med færre lesingar.

Vi har gode erfaringar med å innføre Halleluja-omkved i Volda, men ser at dette vil vere framand mange stadar. Difor støtter vi ikkje at Halleluja bør vere obligatorisk, men gjerne at det vert ført opp som «ønska» ordning. Kyrkjelydar som ønskjer det bør likevel kunne velje å ein salme før evangeliet og preika. Det er positivt at ein skriv inn eit høve til ein annan respons enn halleluja, til dømes eit høgtidsvers eller eit anna svarledd. Det same gjeld tilrettelegginga av dette leddet i fastetida.

Vi støttar også bortfallet av dei ulike svarmulighetene i ledd 9 og 11.

I nokre typer gudstenester bør ein kunne ha bønemandring og nattverdutdeling samtidig. Dette kunne til dømes vere ein del av ei ordning for familiegudsteneste. Vi kan støtte ei innstramming av dette i hovudgudstenesta, men det bør vere høve til dette i andre gudstenester.

Høringsspørsmål 5a: Kommenter gjerne nattverdpraksisen i menighetene i dag med tanke på særkalk og/eller intinksjon og med tanke på mottakelse av nattverd stående eller knelende på alterringen/altersranken?

Vi brukar både intinksjon med utdeling nedanfor kortrappa (når det er dåp og nattverd i gudstenesta) og utdeling der ein kneler ved altarringen. Målet på sikt er at begge utdelingsformene vert brukt i dei fleste av gudstenestene, både slik at den einskilde kan velje om ein vil knele ved altarringen eller ta i mot ved intinksjon og slik at gudstenestene ikkje vert så lange.

Mange er positive til intinksjon, sidan det vert opplevd inkluderande og gir lavare terskel for deltaking. Samtidig set mange pris på roa og ettertanken knefallet gir. Det er stor semje om å ta vare på begge utdelingsformene i vår kyrkjelyd.

Vi tvilar om mottaking av nattverden stående og ved bruk av særkalk nokon gong kjem til å bli brukt i stor skala. Dette bør ikkje vere ei hovudordning i Den norske kyrkja. Dei ulike utdelingsformene bør sidestillast slik at ein kan velje lokalt.

Høringsspørsmål 5b: Gi gjerne kommentarer til valgene av ordene som er foreslått.

Vi støttar desse vala.

Høringsspørsmål 5c: Er dere enige i at takkofferet inngår i nattverdliturgien, og ikke i forbønnsleddet?

Det bør framleis vere høve til å samle inn takkoffer før salmen før nattverden. I mindre kyrkjer fungerer det ofte dårleg at ein skal syng salmen før nattverden under innsamling av takkoffer på altaret.

Ein kan likevel setje innsamling av offer under nattverddelen, men det bør då presiserast at ein kan samle inn takkofferet før ein ber for offeret og syng salmen. Vi er også spørjande til om denne salmen bør kallast «takkoffersalme». «Salme før nattverden» kunne vere eit anna namn på dette leddet.

Høringsspørsmål 5e: Har dere kommentarer eller endringsforslag til ledd 19 og 20 i høringsforslaget?

I ordninga frå 2011 framstår ikkje Pax Fredshelsing som eit valfritt ledd, men som eit obligatorisk ledd. I høringsdokumentet er dette gjort valfritt. Dette bør vere eit obligatorisk ledd.

Vi støttar elles endringane og innstrammingane i høyringa. Vi støttar også at ein ikkje har alternative erklæringsord/bøn.

Høringsspørsmål 6: Gi gjerne kommentarer eller endringsforslag til nattverdbønnene?

På det språklege nivået er det vanskeleg for oss å kommentere bokmålsutgåvene av bønene. Vi føreset at det vert språkleg godt gjennomarbeidde nynorsk-utgåver av desse bønene!

Det er bra at alle nattverdbønene i stor grad har same mal, og at ein ikkje har «særskilte ordningar», med usikre retningsliner for bruken av. Det er også bra at ein kan bruke kyrkjeårsprefasjonen i alle bønene.

Vi støttar eit auka tilfang av nattverdbøner, sidan dette er ein del av gudstenesta som med fordel kan variere noko frå stad til stad og frå gong til gong, så lenge strukturen og ledda der kyrkjelyden skal delta er like. Særleg er vi glade for Nattverdbøn G, som er ei god og kort nattverdordning. Ein bør ikkje bruke omgrepet «særskilte høve» i samband med denne ordninga; mange stadar er ikkje mange dåp eit «særskilt høve»!

Vi stiller meir spørsmål ved nattverdbøn F: Denne vil vere vanskelegare å bruke, sidan kyrkjelyden her skal delta med andre ord enn i dei andre bønene. Denne kunne heller, saman med andre nattverdbøner, blitt gjort tilgjengeleg for bruk i andre typer gudstenester enn hovudgudstenesta.

Vi støttar dei språklege endringane, til dømes knytt til bruken av ordet «bege» i staden for «kalk»

Høringsspørsmål 7: Har dere kommentarer eller endringsforslag til hoveddel IV. Sendelse?

Vi støttar at ein ønskjer at kyrkjelyden står under første og siste salme, uavhengig av om ein har prosesjon.